

Overordna retningslinjer for spesielle miljøtiltak i jordbruket og tiltak i beiteområde 2023-2026



Høyanger kommune

Februar -2023

Innhold

1.	Bakgrunn	3
2.	Prosess og lokal forankring.....	4
3.	Grunnlag – verdiar og utfordringar i kommunen	4
4.	Mål og tiltak for kulturlandskapet og vassførekomstar	5
5.	Fristar - Tilskotssatsar.....	6

1. Bakgrunn

Tilskotsordningane spesielle miljøtiltak i jordbruket (SMIL) og tilskot til tiltak i beiteområde slår fast at kommunen skal utarbeide overordna retningslinjer for prioritering av tilskot.

Dei overordna retningslinjene skal skildre miljøutfordringar, prioritering av miljøtiltak og tiltak for å fremje utmarksbeitinga i kommunen. Kommunen er ansvarleg for å prioritere søknader og innvilge tilskot innanfor dei rammene som forskriftene trekker opp. Dei overordna retningslinjene er eit viktig verktøy for prioritering av søknader og for å få ein god og føreseieleg prosess for både søkerar og kommune. Kommunen sine retningslinjer skal vidare vere eit grunnlag for fordeling av årlege midlar frå Statsforvaltaren til kommunen.

Tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket

«Forskrift om tilskudd til spesielle miljøtiltak i jordbruket» med tillegg av kommentarar til forskrifta legg grunnlaget for forvaltning av Smil-ordninga.

«Ordningen skal fremme ivaretakelsen av natur- og kulturminneverdiene i jordbrukets kulturlandskap og redusere forurensingen frå jordbruket. Tilskudd etter denne forskriften skal gis til tiltak som går utover det som kan forventes som en del av den vanlige jordbruksdriften.»

Tilskot til tiltak i beiteområde

«Forskrift om tilskudd til tiltak i beiteområde» med tillegg av rettleiing til forvaltninga, legg grunnlaget for forvaltning av ordninga.

«Formålet med tilskuddet er å legge til rette for best mulig utnyttelse av beite i utmark, redusere tap av dyr på utmarksbeite og fremme fellestiltak i beiteområdene.»

Dei kommunale retningslinjene må omtale kva tiltak som vil bli prioritert for å oppnå målsettinga med ordninga.

I Vestland fylke bør kommunen sine overordna retningslinjer for spesielle miljøtiltak i jordbruket vere forankra i hovudmålet, delmåla og strategiane som ligg i Regionalt miljøprogram.

Hovudmål i regionalt miljøprogram for Vestland:

Miljøprogrammet i Vestland skal stimulere til å oppretthalde og utvikle eit ope og variert kulturlandskap. Særskilde verdiar i kulturlandskapet skal takast vare på og skjøttast, god agronomi skal fremjast, og ureining og tap av næringsstoff frå jordbruket skal reduserast.

Delmål:

1. Eit ope og velstelt kulturlandskap
2. Bratt jordbruksareal i aktiv drift
3. God utnytting av utmarksbeite og aktiv stølsdrift
4. Utvalde biologiske og kulturhistoriske verdiar i landskapet blir teke vare på og skjøtta
5. Landbruket er klimavenleg og har lite tap av næringsstoff og klimagassar til luft
6. Eit landbruk som er tilpassa eit endra klima

7. Minst mogleg tap av næringsstoff frå landbruket til vassdrag

Strategiar:

1. Stimulere til eit ope og velstelt kulturlandskap gjennom drift av areala i form av matproduksjon og skjøtseltiltak
2. Styrke aktiv bruk av det bratte jordbruksarealet
3. Styrke aktiv stølsdrift og bruk av beiteressursane
4. Styrke målrettinga av verkemiddel for skjøtsel og ivaretaking av eit utval verdifulle element i kulturlandskapet
5. Oppretthalde og stimulere til næringsutvikling i kulturlandskapet
6. Bidra til eit kulturlandskap som er tilgjengeleg og trygt for både folk og beitedyr
7. Redusere utslepp av klimagassar frå jordbruket
8. Redusere forureining og avrenning frå jordbruket
9. Styrke kunnskap om klimagassutslepp, forureining, agronomi og kulturlandskap i næringa, og styrke og utvikle fagmiljøa i næringa innan desse tema

2. Prosess og lokal forankring

Dei overordna retningslinjene for Høyanger kommune har vore sendt på høyring til Høyanger Bondelag, Høyanger Bonde- og Småbrukarlag samt Sør beitelas og Høyanger Nordside beitelas. Merknader frå faglaga er innarbeidd i desse retningslinjene.

3. Grunnlag – verdiar og utfordringar i kommunen

Kort om landbruket i Høyanger kommune;

- 68 føretak søkte om produksjonstilskot i 2022.
- Hovudproduksjonar i kommunen er mjølk, storfe og sauehald.
- Høyanger kommune har eit jordbruksareal på 15 947 dekar, ca. 1,5 av kommunen sitt landareal
- Sær preg; landbruket er prega av grovforbasert produksjon med beitedyr.

Jordbruket i Høyanger kommune har dei siste åra hatt ei utvikling med sterkt nedgang i tal føretak i aktiv drift og færre husdyr. Ei av årsakene til dette er relativt små gardsbruk med avgrensa ressursgrunnlag og der det er få som har høve til å ha jordbruk som eineyrke. Jordbruksnæringa er «sårbar og lett å avvikle» når innteninga frå landbruket er låg. Tiltak utover det å «halde drifta i gang» er difor ikkje aktuelt for mange.

Hovudutfordringa i kommunen er å oppretthalde tal gardsbruk i drift og dermed talet på beitedyr, samt hindre at areal går ut av drift. Med færre aktive gardbrukarar og meir leigejord, er det vanskeleg å halde dei mange små og bratte teigane i drift. Dette medfører eit kulturlandskap som er prega av attgroing og der dei beste og flataste areala vert stelt og hausta.

Dette medfører også at interessa for å søkje om Smil-midlar einskilde år har vore låg. Nokre år har ein ikkje lukkast å nyte den tildelte ramma fullt ut. Hard prioritering av søknader har difor ikkje vore naudsynt og alle som har søkt har stort sett fått tildelt midlar så lenge søkerane oppfyller dei fastsette vilkåra i regelverket.

Det er mykje viktig kulturlandskap i kommunen og ein del verdifulle lokalitetar med særleg hagemarkar med gamle styvingstre, naturbeitemarker og dels slåtteenger er registrert. Ved bevaring av biologisk mangfald er det for Høyanger kommune sin del grunn til å trekke fram nettopp kommunen sitt ansvar for å ta vare på hagemarkar med gamle styvingstre, lauvskogar med osp og gråor, rike edellauvskogar og fosserøyksamfunn (Rapport om biologisk mangfald – Miljøfagleg Utredning 2003).

4. Mål og tiltak for kulturlandskapet og vassførekomstar

Reduksjon av ureining frå jordbruksområdet er ein viktig del av føremålet med Smil-midlane.

Arbeidet med oppfølging av vannforskrifta og utarbeiding av regionale miljøprogram inneber at Statsforvaltaren kan prioritere område for gjennomføring av vassmiljøtiltak. Desse prioriteringane skal det takast omsyn til ved handsaming av SMIL-søknader.

Miljøutfordringar i vatn og trøng for tiltak er omtala i dei regionale vassforvaltningsplanane og i tiltaksanalysane for vassområda.

Vassområdet for Ytre Sogn har i sin tiltaksanalyse ingen konkrete tiltak i Høyanger kommune, då tilstanden i vassdragene er god med omsyn til landbruksureining. Påverknad frå kraftutbygging med redusert vassføring er truleg årsak til den moderate/dårlege tilstanden i fleire vassdrag.

Ureining frå jordbruksområdet vert difor ikkje vurdert som ei vesentleg miljøutfordring i kommunen. Likevel ligg kommunen i ei sone av landet med svært store nedbørsmengder, noko som kan medføre aukande fare for flaum og erosjon. Tiltak for å få kontroll på vatnet og hindre ureining frå jordbruksområdet vert difor tatt inn i dei overordna retningslinjene.

Mål:

Oppretthalde og utvikle kulturlandskapet gjennom aktiv drift og berekraftig bruk av arealressursar og bygningsmasse, auka tilgjenge og opplevingskvalitet.

Dette skal skje gjennom følgjande delmål:

1. Ta i vare og utvikle område som er viktige av omsyn til biologisk mangfald og kulturlandskapet i kommunen.
2. Motverke attgroing gjennom rydding, inngjerding og beiting av gamal kulturmark/hagemarkar.
3. Auke opplevingsverdiane i jordbrukslandskapet gjennom restaurering av styvingstre og gamle ferdsselsårer.

4. Restaurere særprega, verneverdig bygningsmasse eller kulturminner/miljø.
5. Betring av vassmiljøet og gjere garden rusta for eit endra klima.
6. Aktiv bruk av utmarksbeite.

Kommunen vil prioritere bruken av Smil-midlar til følgjande tiltak:

- Tiltak som er omtala som viktige å ta vare på i ulike miljøregistreringar som er gjort i kommunen som t.d hagemarker, stivingstre og gamle ferdsselsårer.
- Tiltak for å ta i bruk verdfulle innmarksbeite ute av drift.
- Utarbeiding av beitebruksplanar/skjøtselplanar for større område for å ta i vare viktige kulturlandskapsverdiar og område for utmarksbeite.
- Ivaretaking av bygningsmasse/kulturminne/miljø som kan nyttast i næringsdrift og/eller som ligg i viktige kulturlandskapsområder. Tiltak omtala i kommunen sin kulturminneplan skal særlig prioriterast.
- Tiltak som bidreg til å hindre eller redusere forureining eller risiko for forureining frå jordbruket.
- Bidra til å tryggje og utvikle eksisterande arbeidsplassar innan landbruksnæringa i kommunen gjennom tildeling av midlar. Tiltak som kan utløyse ulike driftstilskot (RMP-tilskot, produksjonstilskot i jordbruket) eller andre typar investeringstilskot vil difor verte prioriterte.

Kommunen vil prioritere tilskot til tiltak i beiteområde på følgjande vis:

- Tiltak som bidreg til effektiv utnytting av utmarksbeite med små tap av dyr. Døme på dette kan vere ny teknologi som e-bjøller, Nofence og droner. Søknader frå beitelag vert prioritert.

5. Fristar - Tilskotssatsar

Det er ein søknadsfrist i året: 15. mars. Søknader som kjem inn etter søknadsfristen blir prioritert etter kor mykle midlar som er att etter ordinær søknadsfrist.

Søknaden skal leverast elektronisk - sjå landbruksdirektoratet.no. Det er viktig at søknaden vert fylt ut nøyaktig. Vedlegg som skal liggje ved ein søknad er; kostnadsoverslag, kart over eigedomen der tiltaket er merkt av og ev. fotodokumentasjon.

Frist for gjennomføring av tiltak er 3 år. Fristen kan utsettast med inntil 2 år. Dette må det søkjast om.

Tilskotsandel til ulike typar tiltak;

Smil-søknader;

Inntil 40-50% tilskot til tiltak som omfattar rydding og inngjerding av gamal kulturmark, tiltak for å reparere skader og auke dimensjoneringa i hydrotekniske anlegg som lukka bekk, kanal og kulvert/stikkrenner, sikring av elve- og bekkesider mot erosjon m.m.

Inntil 15-20% tilskot til prosjekt som gjeld restaurering av bygningsmasse/kulturmiljø. Tiltak omtala i kommunen sin kulturminneplan får høgast tilskotsprosent.

Tilskot til tiltak i beiteområde;

Inntil 40% tilskot til investeringar i teknologi knytt til beitebruk, faste installasjonar og kostnadskrevjande investeringar. Mindre kostnadskrevjande tiltak må dekkast av beitelaga sjølve.

Rettleiande satsar for eigeninnsats

- Manuelt utført eige arbeid (inkl. motorsag og liknande): 350 kr/time
 - Bruk av eigen traktor/gravemaskin: 800 kr/time